



2021 – 2025

Øystre Slidre kommune

Kommunedelplan helse og omsorg



Plan vedteken av kommunestyret sak 74/21

Innhald


1 Innleiing og bakgrunn.....	2
1.1 Samandrag	2
1.2 Proses	2
1.3 Bakgrunn og formål.....	3
1.4 Organisering, ressursar og overordna mål.....	4
1.5 Status	4
2. Utviklingstrekk og utfordringsbilete	5
2.1 Nasjonale utviklingstrekk:.....	6
2.2 Utfordringar i Øystre Slidre kommune:	6
2.2.1 Utfordringar frå folkehelseoversikta	6
2.2.2 Kommunebileta 2020	7
2.2.3 Demens	8
2.2.4 Bygningsmasse og bustadar	8
2.2.5 Pandemiberedskap	9
2.2.6 Migrasjonshelse	9
3. Mål og satsingsområder.....	10
3.1 Mål.....	10
3.2 Satsingsområde	10
3.2.1 Kommunereforma «Leve hele livet»	10
3.2.2 Brukaren si helseteneste	11
3.2.3 Medverknad	12
3.2.4 Famileomsorg/pårørandearbeid	12
3.2.5 Velferdsteknologi	13
4. Utøvande tenesteområder	13
4.1 Folkehelse og friskliv	13
4.2 Frivillig innsats og deltaking	14
4.3 Helse	15
4.3.1 Legetenester.....	15
4.3.3 Psykisk helseteneste	17
4.3.4 Innsatsteam – tverrfagleg team for barn og unge i Øystre Slidre kommune	18
4.4 Førebygging og meistring.....	19
4.5 Helsetun.....	22
4.5.1 Bustad med heildøgns pleie og omsorg.....	22
4.5.2 Institusjonstenester	22
4.6 Tilrettelagte tenestar	24
4.6.2 Brennebakkin.....	24
4.6.3 Arbeid og aktivitet	25
5. Verksemdsovergripande og Interkommunale tenester	26
5.1 Tildelings- og bustadkontor.....	26
5.2 Velferdsteknologi	27
5.3 Helsemessig og sosial beredskap	28
5.4 Rekruttering og kompetanse	30
5.5 Samhandling og regionalt samarbeid	31
Vedlegg Rammer og føringar	33

1 Innleiing og bakgrunn

1.1.Samandrag

Kommunedelplan for helse og omsorg definerar langsiktige mål og blir fylgt opp av ein handlingsdel for perioda som konkretiserar prioriterte område for utvikling i planperioda.

Ein tydeleg samanheng mellom utfordringar, mål, strategiar og tiltak, vert vurdert som viktige for ein vellykka planprosess inkludert gjennomføring og resultat av tiltak. Planen har med bakgrunn i dette fylgjande oppbygging:



Satsningsområder, mål, utviklingsstrekk og utfordringar for helse og omsorg er belyst i planen sin hovuddel. Utviklingsstrekk og strategiar dannar grunnlag for tiltak i planperioda. Dei tiltaka som er skildra i denne planen, er tiltak som blir vurdert som naudsynt for at Øystre Slidre kommune skal kunne fylgje opp dei fokusområda som er valde. Tiltaka er også ei rettesnor for å nå målsetjingar, oppfylle lovkrav og yte fagleg forsvarlege og ressurseffektive tenester med brukaren i fokus. Dei tiltak som skal verta effektuert fyrstkomande år er beskreve i eigen handlingsplan.

Kvardagsmeistring, førebygging, tidleg innsats, satsing på born og unge samt kvardagsrehabilitering i tenestetilbodet, er ein føresetnad for å lukkast. Den teknologiske utviklinga gjer moglegheiter innan helse og omsorgsfeltet, og vil vera viktig for at den einskilde skal kunne meistre eigen kvardag. Øystre Slidre kommune har take i bruk ulike type velferdsteknologi. Utvida bruk og vidareutvikling på området er avgjerande for at vi skal kunne møte framtidas behov.

Skal Øystre Slidre kommune nå sine mål, krev dette stor grad av samarbeid og at vi tenker førebygging, eigenmeistring og helse i alt vi gjer. Helse og omsorg må i framtida vera prega av fleksibilitet og samarbeid for å møte nye utfordringar og oppgåver som vert lagt til kommunen framover.

Reforma Leve heile livet vil vera førande i planperioda og vil gjennom helse og omsorgsplan vera politisk og administrativt vedtatte og forankra. Mål og tiltak i denne plan er i tråd med reformen sine satsningsområder.

1.2 Prosess

I kommunen sin planstrategi for 2020-2024, vedteken 19.03.2020, går det fram at Helse og omsorgsplanen skal reviderast i 2021. I arbeidet med revideringa har det vore fleire møter

mellom kommunestyrekomiteen for Helse og omsorg og administrasjonen. Det har vore ein brei prosess der alle tenestene innanfor området har vore delaktige.

1.3 Bakgrunn og formål

Kommunedelplanen er eit overordna styringsdokument og ein strategisk plan for nytenking innan helse og omsorg. Planen er utarbeida i samsvar med kommunal planstrategi 2020-2024 og vil gjelde for same periode. Tiltaksdelen i helse- og omsorgsplanen skal vurderast årleg i samband med økonomiplanen.

Kommunedelplan for helse- og omsorg skal legge til rette for utvikling og yting av helse- og omsorgstenester i Øystre Slidre. Planen skal sikre eit godt og forsvarleg tenestetilbod i tråd med kva som er viktig for den einskilde og bidra til effektiv styring av tenestane og tilhøyrande ressursar. Planen er gjeldande for alle innbyggjarar, både dei som mottek helse- og omsorgstenester i dag og elles. Målsetjinga er god førebygging og god helse for alle.

I fylgje Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 «*Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester*», skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. For å oppfylle dette ansvaret er det nedfelt i §3-2 at kommunen blant anna skal tilby fylgjande:

1. Helsefremmende og forebyggende tjenester, herunder:
 - a. helsetjeneste i skoler og
 - b. helsestasjonstjeneste
2. Svangerskaps- og barselomsorgstjenester
3. Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjoner, herunder:
 - a. legevakt,
 - b. heldøgns medisinsk akuttberedskap,
 - c. medisinsk nødmeldetjeneste, og
 - d. psykososial beredskap og oppfølging.
4. Utredning, diagnostisering og behandling, herunder fastlegeordning
5. Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering
6. Andre helse- og omsorgstjenester, herunder:
 - a. helsetjenester i hjemmet,
 - b. personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt
 - c. plass i institusjon, herunder sykehjem.
7. Dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens.¹

Ei viktig målsetjing er å bygge opp ein robust struktur og organisasjon som skal tene Øystre Slidre-samfunnet innan tenesteområdet. Planen er eit viktig verktøy for å nå målsetjinga.


På helse- og omsorgsfeltet er det eit stort behov og potensiale for å ta i bruk samfunnet sine samla ressursar for å behalde og utvikle eit godt velferdssamfunn. Dette gjeld ressursar hjå den einskilde og nær familie, nettverk, nærmiljøet og i lokalsamfunnet. Det er viktig å utvikle samarbeidet mellom offentleg og frivillig sektor for å møte nye behov med nyskapande aktivitetar og engasjere endå fleire til frivillig innsats.²

¹ [Helse- og omsorgstjenesteloven](#)

² [Helse og omsorgsdepartementet: Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse og omsorgsfeltet 2015 - 2020](#)

1.4 Organisering, ressursar og overordna mål

Helse- og omsorgstenestene i Øystre Slidre kommune blir leia av kommunalsjef. Området har 106 årsverk inkludert kommunalsjef og er delt inn i fire tenesteområde med kvar sin tenesteleiar. Dette er helseavdelinga, tilrettelagte tenester, førebygging og meistring og institusjonstenestar. Tildelings- og bustadkontoret er direkte underlagt kommunalsjef og skal tene heile helse og omsorg.



Figuren syner «omsorgstrappa i Øystre Slidre», frå lågterskeltilbod som ambulerande vaktmeister til spesialisthelsetenester ved Valdres lokalmedisinske senter. Det er viktig at kommunen har eit breitt samansett helsetilbod som dekker alle nivå. Brukarane kan veksle mellom dei ulike nivåa i omsorgstrappa. Det er viktig at tenestane innan helse og omsorg vert organisert på ein fleksibel måte slik at den einssilde kan motta individuelle tenestar ut frå behov og mellom dei ulike nivå.

1.5 Status

Den forrige kommunedelplanen for helse og omsorg vart vedteken i kommunestyret 30.04.2015, sak 13/15.

Dette har vi fått til i løpet av forrige planperiode:

Bygningsmasse

- Øystre Slidre helsetun er bygd. Det vart teke i bruk i januar 2021. Nybygget har 36 institusjonsplassar der 12 av desse er sett av til avlastning, korttids plassar og rehabilitering. I tillegg er det 18 omsorgsbustadar med heildøgns bemanning. Nybygget gjer moglegheiter for meir optimalisering av drifta.

- Det er bygd og teke i bruk 2 bustadar ved Brennabakkin samt 4 bustadar i Moavegen 1/3

Tenesteutøving

- Etablert eit avlastningstilbod i bustad for omsorgspersonar til barn og unge med omfattande bistanndsbehov.
- Gjennomført omorganisering av helse- og omsorgstenestane for å kunne levere best mogleg kostnadseffektive tenestar med høg kvalitet.
- Gjennomført kompetanseheving innan kvardagsrehabilitering og implementert tenesta i ordinær drift.
- Implementert dagtilbod for personar med demens i ordinær drift.
- Gjennomført Velferdsteknologiens ABC og take i bruk velferdsteknologiske løysningar i tenesteproduksjon på helsetunet.

Interkommunalt samarbeid

- Valdres lokalmedisinske senter har sidan opning januar 2015 fått eit breitt tilbod av spesialisthelsetenestar og yter regionale helse og omsorgstenestar.
- Etablert FACT-team. FACT (Flexible Assertive Community Treatment), er ein metodikk som gjer oppsøkande, samtidige og heilheitlege tenester til menneske med alvorlege psykiske lidningar.
- Tilsett kommunepsykolog
- Inngått samarbeid om barnevernsvakt

Kompetanse

- Medarbeidarar i Tilrettelagte tenestar har gjennomført Mitt Livs ABC
- Auka andelen med fagkompetanse
- Leiarutdanning
- Kvardagsrehabilitering
- Take i bruk www.kompetansebroen.no

2. Utviklingstrekk og utfordringsbilete

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene har dei seinare åra vore gjenstand for fleire nasjonale reformer, m.a. for å møte endringane i demografi. Samhandlingsreformen og opptrappingsplanen for psykisk helse har lagt eit større ansvar for helse- og omsorgstenestene til kommunane. Reformen «Leve hele livet» og den nasjonale strategien «Bolig for velferd» er av nyare dato og vil prege komande planperiode.

« Gode helse- og omsorgstjenester skapes når pasienten og brukeren møter personell med høy faglig kompetanse og faglig bredde, når det er flest mulig ansatte i hele og faste stillinger og god kontinuitet i bemanningen, og når det er et godt samspill mellom pasienten/brukeren og personellet. Pasientens stemme skal bli hørt, både i møtet mellom pasient og behandler og i utviklingen av helse- og omsorgstjenestene»³

³ [Regjeringen: kompetanseløftet 2025](#)

2.1 Nasjonale utviklingstrekk:

Helsefellesskap:

Pasientane skal ikkje oppleve å vera kasteballar mellom sjukehus og kommunar. Dette gjeld særleg desse fire pasientgruppene: Barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidingar.

Kompetanse:

Det blir fleire pasientar per tilsett i helsetenesta. Kompetansa i helsetenesta må planleggast og brukast betre. Utdanningane skal endrast i tråd med behova, og det skal arbeidast med å få til særlege tiltak for å rekruttere og behalde sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Grunna ansvar og oppgåveforskyvning mellom nivå, vil det framover vera behov for å yte meir spesialisert behandling i kommunane, noke som krev kompetanse lokalt.

Teknologi:

For mange pasientar kan det vera ei belastning å reise til sjukehuset for å få behandling. Fleire tenester skal flyttast nærare pasienten. Sjukehuset skal møte pasientane der dei bur, og samarbeide tettare med kommunen og andre sjukehus.

Psykisk helse:

Helsetenesta skal utvikle nye arbeidsformer og innføre nye metodar. Barn og unge og dei sjukaste skal prioriterast. Det skal innførast ambulante tverrfaglege team på tvers av kommunar og sjukehus.

Akuttmedisin:

Sjukehusa skal saman med kommunane i helsefellesskapa gå gjennom dei akuttmedisinske tenestene utanfor sjukehuset. Det skal vera like god tilgang til akutt helsehjelp for menneske med psykiske lidingar og rusmiddelproblem, som for dei med somatiske sjukdomar.⁴

2.2 Utfordringar i Øystre Slidre kommune:

2.2.1 Utfordringar frå folkehelseoversikta

I revideringa av folkehelseoversikta i 2019 for Øystre Slidre, går det fram at kommunen har utfordringar innanfor einsemd - personleg økonomi - bruk av skjermtid, - fedme og overvekt - fysisk aktivitet - kosthald - fritidsaktivitetar for barn og unge - bustadar og butilbod.⁵

⁴ [Regjeringen: Ny nasjonal helse- og sykehusplan](#)

⁵ [Øystre Slidre kommune: Folkehelseoversikt 2019](#)

2.2.2 Kommunebileta 2020

Utfordringar jamfør kommunebileta 2020 oppdatert november 2020: (Statsforvaltaren)

Bustad/økonomi

Kommunen bør målrette bruken av verkemidla sine for å bidra til god integrering og legge grunnlag for gode oppvekstvilkår. Det er 33% innvandrarak og 5,6% andre mellom 16 og 25 år som står utanfor arbeid og utdanning i kommunen. I 2018 var det 6% av barn mellom 0 og 17 år som budde i familiar definert med låg inntekt. Kommunen oppfordrast til å vurdere behov for tiltak sett opp mot andelen av innbyggjarane som er i låginntektsgruppa. Andelen personar over 45 år som bur i leigd bustad er høgare enn i fylket. Det skal stillast krav om å delta på tiltak for å motta sosialhjelp for dei som er under 30 år.

Tidleg innsats/førebygging

Kommunen bør utvikle eit godt samarbeid mellom fleire etatar og god samordning av tenester til utsette barne og unge. Kommunen har lågare utgifter enn fylket til førebygging i form av skulehelseteneste og helsestasjon pr.innbyggjar 0-17 år. Kommunen blir oppmoda til å forsterke det førebyggjande arbeidet for denne aldersgruppa. Barnevernsreforma gjer kommunen større insentiv til å jobbe med førebygging. Kommuna bør implementere nasjonale retningslinjer og handlingsplanar i sitt førebyggjande arbeid.

Endring i alderssamansetnad blant innbyggjarane; fleire eldre

Fleire eldre vil krevje omstilling i kommunen.

Kompetanse

Kommunen har gode tal på antal årsverk med helseutdanning i omsorgstenesta men bør likevel ha merksemd på noverande og framtidig kompetanse og rekruttering. Det vil vera behov for ny og spesialisert kompetanse på leiarnivå og medarbeidarnivå, ulike spesialiseringar samt kompetanseauke i forhold til velferdsteknologi. Det er viktig å styrke fagkompetansa i det interkommunale samarbeidet for barnevern. Kommunen blir oppmoda til å setja i gang tiltak i tråd med tilrådingar i strategien «Leve hele livet»..

Ressursar/rekruttering


Kommunen ligg litt under tala på landsbasis på legetimar per veke per bebuar i sjukeheim. (0,51/0,56). Av innbyggjarar over 80 år bur 14,9% på sjukeheim (på landsbasis 11,9%). Av dei som mottek heimetenester er 27,4% under 67 år (på landsbasis 47,9%). Kommunen bør setja seg inn i nasjonale tilrådingar om å styrke heimebaserte tenester. Kommunen ligg noko lågare enn landet elles på avtala årsverk i helsestasjon og skulehelsetenesta. I kommunen er fleire av legane over 60 år. Det er viktig at kommunen arbeidar med rekrutteringstiltak for å iverata kontinuitet i relasjonen mellom lege og pasient og sikre stabilitet i legetenesta.⁶

⁶ [Kommunebilete 2020](#)

2.2.3 Demens

Demens råkar mange, både yngre og eldre, og det er venta at talet vil auke kraftig. Vi må ha eit godt og føreseieleg tilbod når sjukdom rammar; både for den sjuke og dei pårørande. Antal tilfelle av demens aukar med alderen, og ein reknar med at antalet vil bli fordobla fram mot 2040. Dette vil påverke og ha konsekvensar for fleire område i Øystre Slidre og krevje nye løysingar.⁷ Ein antek at mellom 40 og 50 % av alle som har demenssjukdom vil ha behov for døgnbaserte tenester, anten i sjukeheim eller anna døgnbemanna bustad.

Befolkninga i Øystre Slidre er eldre enn gjennomsnittet i Norge og har difor ein høgare andel som har demens. Framskrivningar syner ei kraftig auke i antal i perioda fram mot 2050



Prognose for antal tilfelle med demens fram mot 2050 for Øystre Slidre samanlikna med gjennomsnittet i Norge⁸.

År	Øystre Slidre	Gjennomsnittet i Norge	Auke i % i Øystre Slidre sidan 2020
2020	2.29 %	1.88 %	
2025	2.73 %	2.12 %	19.21 %
2030	3.45 %	2.48 %	50.66 %
2040	4.60 %	3.30 %	100.87 %
2050	5.55 %	3.99 %	142.36%

2.2.4 Bygningsmasse og bustadar

Øystre Slidre kommune har i føregåande planperiode gjennomført omfattande investeringar på området. Helsetunet med plassering i sentrum av Heggenes, har stort potensiale for vidare utvikling. Uteområdet vil bli lagt til rette for sosial og fysisk aktivitet i form av opparbeiding av torg mot Coop samt sansehagar i tilknytning til institusjon og bustad. Bygget ligg i nærleiken til Furustrand og dei moglegheiter som ligg i utvikling av dette friområdet.

Legekontoret, helsestasjonen og fysioterapitenesta sine lokalar har behov for omfattande tilpassing og vedlikehald. Lokalitetane til legekontor og fysioterapi er for små til å møte framtidig behov i forhold til oppgåver og ressursar. Tilboda bør i framtida bli knytt saman med helsetunet og det er rådd til at ny bygningsmasse vert lagt her. Helsestasjonen bør inn i nytt påbygg for å legge til rette for treff på tvers av generasjonar og optimalisere samhandling mellom dei ulike tenestane.

⁷ [Helse og omsorgsdepartementet Demensplan 2025](#)

⁸ [Aldring og helse demenskartet.no](#)

Bustadar

Korleis vi bur, påverkar alle delar av livet. Rundt 179.000 er vanskelegstilte på bustadmarknaden i Norge i dag.⁹ Det å vera vanskelegstilt på bustadmarknaden er ikkje ein bestemt eigenskap ved det samla hushaldet, men fyrst og fremst eit misforhold mellom samla ressursar i hushaldet og bustadmarknaden dei høyrer til.¹⁰ I målemetoda som Kommunal- og moderniseringsdepartementet brukar i dag, er låg hushaldsinntekt ein føresetnad for å bli rekna som vanskelegstilt på bustadmarknaden. Folkehelseoversikta for 2019 syner at i Øystre Slidre var 5,4 % av antal innbyggjarar definert i låginntektsgruppa. I familiar der det budde barn mellom 0 og 17 år, var andelen på 7,6%.

Det er stor etterspurnad når det gjeld bustadar i Øystre Slidre kommune og kommunen sine butilbod er for lite differensiert. Det har over tid vore ynskje frå eldre om overgang til mindre bustader og frå yngre i etableringsfasa som ynskjer å kome seg inn på bustadmarknaden. Det er få bustadar for sal eller til leige for grupper med svak økonomi. Øystre Slidre har liten rullering og utskifting av leigetakarar i kommunale bustadar. Kommunen må arbeide aktivt for å hjelpe dei som leiger kommunale bustadar inn på den ordinære marknaden. Øystre Slidre kommune må i komande planperiode arbeide aktivt med å kartlegge behov og aktuelle tiltak for å møte etterspørselen etter bustadar uavhengig av inntekt, alder og buevne.

Personar med særleg behov for eit kommunalt butilbod er menneske med pleie og omsorgsbehov, personar med demens, menneske med nedsett funksjonsevne, personar med psykiske lidningar og/eller avhengigheitsproblematikk, vanskelegstilte og flyktningar. For å dekke behovet for bustadar for vanskelegstilte, er kommunen i dag avhengig av å leige inn for vidare framleige.

I tillegg til behov for å bygge fleire bustadar, for sal eller utleige, har fleire av dei kommunale bustadane behov for vedlikehald og renovering. Husbanken er ein viktig støttespelar for kommunen og har ei rekke virkemiddel som vi må seta oss inn i og nytte i arbeidet både i forhold til nybygg og renovering samt i det bustadsosiale arbeidet i komande planperiode.

2.2.5 Pandemiberedskap

Vi ser at det er avgjerande å ha gode pandemiplaner som tek for seg dei ulike utfordringane ein langvarig pandemi fører med seg. Covid-19 pandemien har vist oss at vi framover bør ligge med eit betydeleg lager av smittevernustyr og planlegge for å sikre nok bemanning i tenestane og i TISK-arbeidet (Testing, Isolasjon, Smittesporing og Karantene). Kontinuitetsplanlegging er heilt naudsynt for å sikre at ikkje tenestane våre bryt saman dersom store delar av dei tilsette skulle bli sett ut av spel på grunn av sjukdom.

2.2.6 Migrasjonshelse

Migrasjonshelse blir nytta som begrep både i samband med flyktningar og generelt for innvandrarar. Migrasjonshelse handlar om kunnskap om korleis migrasjonsprosessar og migrantbakgrunn kan påverke helsetilstand, sjukdom, tilgang til og kvalitet på helsetenester.

⁹ [Regjeringen Alle trenger et trygt hjem](#)

¹⁰ [Vanskelegstilte på boligmarkedet](#)

Øystre Slidre har etter kvart fått mange nye innbyggjarar som har kome som flyktningar og det er behov for å auke kompetansa om kva som påverkar helsa til desse. Mange kommunar har gode erfaringar med tverrfaglege flyktninghelseteam.

3. Mål og satsingsområder

3.1 Mål

Hovudmål: Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk

Delmål:

- Saksbehandlingstid for søknader om helse- og omsorgstenester skal ikkje overstige 14 dagar, og iverksetjingstida skal ikkje overstige 12 dagar.
- Dei som skal inn på rehabilitering skal få utarbeida ei tidfesta rehabiliteringsplan,
- Avlastning/korttidsopphald bør ikkje overstige 20 døgn i gjennomsnitt.
- Vi skal ta i mot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.
- Mellombelse butilbod skal berre unntaksvis verta nytta av barnefamiliar og unge, og slike opphald skal ikkje vare meir enn tre månader
- Alle barn i fosterheim skal få oppfylt minimumskrava for tilsynsbesøk
- Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet
- Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioda ha relevant fagutdanning. Det er viktig å auke kompetansa innan heile helse og omsorg.
- Sjukefråværet på einingane og graden av utføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for 2019-2023 tek for seg fire større utfordringar. Forventningane skal leggjast til grunn for kommunestyret sitt arbeid med kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventningane er retningsgjevande. Dei fire utfordringane er:

- Å skapa eit bærekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt bærekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle.

3.2 Satsingsområde

Øystre Slidre kommune har som mål at flest mogleg skal ha eit aktivt liv og klare seg sjølv lengst mogleg i kvardagen. Vi kallar dette «Leve heile livet». Tenester vert tildelt med utgangspunkt i visjonen hjelp til sjølvhjelp, der ein mottek tenester som ivaretek det ein treng hjelp og støtte til, samstundes som ein opprettheld dei aktivitetane ein kan lengst mogleg.

3.2.1 Kommunereforma «Leve hele livet»

Reforma «Leve hele livet» skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger, ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande kan bidra utan at dei blir utslitne og at

tilsette kan bruke kompetansa si i tenestane. Hovedfokuset i reforma er å skape eit meir aldersvenleg Norge.

Reforma har fylgjande satsingsområder der Øystre Slidre må finne nye og innovative løysingar: ¹¹

- eit aldersvenleg Norge
- aktivitet og fellesskap
- mat og måltid
- helsehjelp
- samanheng i tenestane

For mest mogleg felles framdrift, er reformperioda fastsett til fem år, med felles oppstart 1. januar 2019 og med ulike faser for kartlegging, planlegging, gjennomføring og evaluering.



Det er ei forventning at alle kommunar har fatta politiske vedtak om korleis reformen skal bli gjennomført. Politiske vedtak og forankring i kommunalt planverk vil vera ein føresetnad for at Øystre Slidre vil motta ulike tilskot i komande planperiode.

Øystre Slidre kommune er midt mellom fase 2 og fase 3 av reformperioda. Covid 19 må ta mykje av skulda for at arbeidet har vorte noko forsinka. Ei spørjeundersøking skal gjennomførast med utgangspunkt i satsingsområda til reforma.

I samfunnsdelen av kommuneplanen som vart vedteken i 2021, er det nedfelt mål og strategiar som er i tråd med reforma. Reforma har også vore førande for denne helse- og omsorgsplanen. Plan for habilitering og habilitering er under arbeid og «leve hele livet» utgjør ei sentral føring i planen.

«Leve hele livet» har sett sitt preg på bygging og drift av nytt helsetun. Det nystarta prosjektet «Bolig for velferd» vil ta for seg butilbod for alle aldersgrupper i tråd med reforma.

3.2.2 Brukaren si helseteneste

Brukermedverknad betyr at tenestetilbodet, så langt som mogleg, skal utformast i samarbeid med pasienten eller brukaren. Det skal leggjast stor vekt på pasienten eller brukaren sine meiningar når helse- og omsorgstenesta sitt tilbod blir utforma. Pasientforløpet skal vera prega av å ivareta pasienten sitt samla medisinske behov og funksjonsevne, og legge til rette for at pasienten skal greie seg sjølv på best mogleg måte etter behandling.

¹¹ [Regjeringen. ST.meld 15 Leve hele livet](#)

3.2.3 Medverknad

Kvalitet på kommunen sine omsorgstenester handlar i stor grad om den enkelte si oppleving i møte med det kommunale hjelpeapparatet. Med brukarmedverknad meinast enkeltpersonar og grupper sin rett til å kunne delta i og påverka beslutningsprosessar. Brukarmedverknad omfattar både brukarar og pårørande og er ein lovfesta rett. Dei som har behov for hjelp, har på linje med andre, behov for å styre over viktige delar av eige liv, motta hjelp på eigne premisser og føle at dei blir sett og respektert. Dette vil kunne bidra positivt til brukarens betringssprosess, og ha ein terapeutisk effekt.

Tenestemottakaren sine erfaringar skal leggjast til grunn i kommunen sitt arbeid med forbetring av sine tenester. Det blir regelmessig gjennomført brukar- og pårørandeundersøking som gjer moglegheit for tilbakemelding i forhold til utøvinga av helse og omsorgstenestane.

Øystre Slidre kommune har etablert lovpålagte råd i form av eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd for å sikre brukarmedverknad på systemnivå.

3.2.4 Familieomsorg/pårørande arbeid

Familieomsorg og omsorg frå andre nære er ein betydeleg ressurs i eit samfunnsperspektiv og ein verdi vi ynskjer å støtte opp om. Vi ynskjer oss eit samfunn som gjer plass til og verdset denne omsorga. Samtidig er det viktig at vi ser dei pårørande, både barn og unge, vaksne og eldre, tidleg nok og før dei sjølve utviklar sjukdom eller andre problem.

Regjeringa sin pårørandestategi «Vi – de pårørande»¹² og kvalitetsreformen «Leve hele livet» tek for seg både retning og tiltak for ein betre omsorg for dei pårørande. Spørsmålet «kva er viktig for deg», er sentralt og dannar utgangspunktet for individuelt tilpassa hjelp og støtte for dei pårørande.

Pårørande har behov for å bli sett og høyrte, for informasjon og rettleiing for å forstå korleis dei kan hjelpe den sjuke, informasjon om hjelpetilbod, økonomisk rådgjeving, rettigheter og hjelp til å finne fram i systemet. Fleire pårørande etterlyser ein kontaktperson/ koordinator.

Kommunen har jamnleg tilbod om pårørandeskule til personar med demens. Hausten 2021 startar kommunen opp med nytt tilbod. Opplæringa skje i samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen og Øvre Valdres demensforening.

Pårørande er og vil framover vera ein helt avgjerande ressurs for ivaretaking av våre hjelpetrengande. Øystre Slidre kommune må arbeide for at pårørande opplever trygghet for at brukarar blir ivaretekne på ein god måte og får eit kvalitativt godt tilbod. I dette ligg både god behandling og omsorg, kompetanse hjå personalet og eit føreseieleg tilbod.

¹² [Pårørandestategien](#)

Barn som pårørende er viktig å rette merksemda mot – både barn av sjuke foreldre, men også sysken til sjuke barn. Øystre Slidre kommune har oppnemnt personar i fleire tenester som har eit særskilt ansvar for barn som pårørende. I saman med dei andre Valdreskommunen har vi tilbod om Treffpunkt Valdres, ein samlingsstad for barn som pårørende.

3.2.5 Velferdsteknologi

Vi har ei større satsing på velferdsteknologi (VT) i Valdres. Øystre Slidre kommune vil satse på Velferdsteknologi både på Helsetunet og i private heimar med målsetjing om at den einskilde skal kunne få leve eit så sjølvstendig liv som mogleg.

4. Utøvande tenesteområder

4.1 Folkehelse og friskliv

Folkehelse er heile befolkninga sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg i befolkninga. Ei god og jamt fordelt helse i befolkninga er ein føresetnad for ei bærekraftig samfunnsutvikling. Utjamning av sosiale helseforskjellar er viktig å ha fokus på.

Befolkninga si fysiske og psykiske helse er i stor grad eit resultat av oppvekstmiljø, lokalsamfunn, arbeidsliv og fritid. Helsefremjing handlar om å setja folk i stand til å meistre liva sine for å betre og ta vare på si helse og livskvalitet. Det er viktig å førebygge meir og reparere mindre.

Folkehelselova stiller krav til systematisk folkehelsearbeid i kommunane. Kommunane skal drive helseovervaking, utvikle planstrategiar, fastsetje mål i plan, setja i verk tiltak og evaluere effekten av tiltaka.

Arbeidet i helsestasjon, skulehelseteneste og frisklivssentral skal styrkast og førebyggjande tiltak for utsette målgrupper skal ha høg prioritet i alle tenester/avdelingar.

Miljøretta helsevern er også ein del av folkehelsearbeidet og omfattar dei faktorane i miljøet som direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa.

Den enkelte har eit ansvar for eige helse og står ansvarleg for sine val. Helseskadeleg åtferd som røyking, inaktivitet og usunt kosthald kan sjåast i samanheng med økonomiske og sosiale bakgrunnsfaktorar. Mange unge seier at dei er misnøgd med eigen kropp (Ungdata.no).

I Øystre Slidre finst det ei rekke tilbod, både kommunale tilbod og i regi av lag og organisasjonar, som bidreg til sosialt samvær, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gjennom interkommunalt samarbeid i Valdres (Valdres Natur- og Kulturpark og Valdres Friluftsråd) blir det satsa på fellestiltak innan fleire av desse områda. Kommunen har ein folkehelsekomitè med medlemar frå administrasjonen og frivillige organisasjonar.

Frisklivssentralen hjelper og støttar personar som ynskjer å endre levevanar knytt til overvekt/fedme, kosthald, fysisk aktivitet, tobakk, søvn m.m. Frisklivssentralen gjer tilbod om treningsgrupper, treningskontakter og relevante kurs.

Visste du at

- Antal eldre som er ressurssterke og friske og oppnår ein høg levealder er aukande. Likevel brukar ein av fem personar over 70 år meir enn ti ulike legemiddel samtidig.
- Det vart etablert utstyrssentral i 2017 som tilbyr gratis utlån av om lag 800 sports- og friluftsentiklar

Dette ynskjer vi

- Øystre Slidre skal tenke folkehelse i «alt vi gjer»
- Folkehelse skal vera eit sektorovergripande ansvar og innbyggjarane skal oppleve at dei bur i ei kommune som har fokus på helsefremjande arbeid og folkehelse.
- Øystre Slidre kommune skal tilby oppfølging og meistringstiltak for inaktive barn og unge, personar med kroniske lidningar og eldre som bur i eigen heim.
- Alle under 30 år skal vera i arbeid, utdanning eller aktivitet.

Slik gjer vi det

- Sikrar koordinering av folkehelsearbeidet på tvers av tenesteområder
- Fører vidare/startar trivselstiltak på alle skular for å førebygge psykisk helse
- Vidareutviklar helsestasjonen, skulehelsetenesta og frisklivssentralen
- Tilbyr rettleiing/oppfølging/kurs innan ernæring, søvn, røykeslutt og fysisk aktivitet og treningskontakter for enkeltpersonar og gruppe

4.2 Frivillig innsats og deltaking

Frivillig verksemd er ein kanal for engasjement og samfunnsdeltaking og har stor innverknad på livskvalitet, fellesskap og utvikling. Deltaking i frivillig verksemd er for mange ei investering i eige liv og livskvalitet. Deltaking fremjar sosialt fellesskap, gjer læring og kunnskap og bidreg til å utvikle demokratisk kompetanse. Frivillig arbeid gjer folk høve til å bruke og utvikle seg sjølv, føle seg til nytte og få meining i tilværet. Det må skapast tilhøve som gjer det mogleg og attraktivt å vere engasjert i frivillig arbeid i Øystre Slidre,

Øystre Slidre kommune har ein frivilligsentral som støttar opp om det frivillige arbeidet i kommunen og set dette arbeidet i eit system. Frivilligheita skal vera eit supplement til den profesjonelle omsorga.

Frivillig arbeid har både ein eigenverdi og ein nytteverdi, og er ein god integreringsarena. Frivilligheit er svært viktig for folkehelsa - forskning viser samanheng mellom god fysisk og psykisk helse og deltaking i frivillige organisasjonar.

Øystre Slidre har god tradisjon for stor dugnadsånd og stor aktivitet i lag og organisasjonar. Særleg pensjonistane gjer ein stor innsats. Det kan sjå ut som motivasjonen for frivillig arbeid er i endring. Folk ynskjer ikkje å binde seg til faste oppdrag slik som før.

Visste du at

- Øystre Slidre frivilligsentral har ca. 70 enkeltfrivillige og at det finst ca. 60 frivillige lag i kommunen.

Dette ynskjer vi

- Å rekruttere fleire til frivillig arbeid, spesielt ungdomar og unge vaksne.
- Å legge til rette for eit aktivt lokalsamfunn der deltaking i frivillig verksemd vert opplevd som positivt og engasjerande.
- At lag og organisasjonar skal oppleve at Øystre Slidre kommune er ein aktiv medspelar i å realisere verdien av det frivillige arbeidet for den enkelte og samfunnet

Slik gjer vi det!

- Vidareutviklar aktivitetar i regi av frivilligsentralen
- Har gode samarbeidsrutinar mellom frivilligheita og kommunen
- Har god oversikt over aktivitetar innan frivillig sektor
- Oppmodar organisasjonar med same mål om å samarbeide om felles tiltak
- Oppmodar alle innbyggjarar til å engasjere seg i frivillig arbeid for å bidra til gode fritidstilbod i kommunen

4.3 Helse

Tenesteeining helse inneheld fylgjande avdelingar: Legeteneste, helsestasjon og skulehelseteneste samt psykisk helseteneste

4.3.1 Legetenester

Forskrift for fastlegeordninga legg eit større ansvar på kommunane for integrering av fastlegane i heile helsetenesta i kommunen. Kommunen skal også følgje opp kvaliteten til dei andre allmenntedisinske områda i legevakt, institusjon, førebygging og meistring, helsestasjon- og skulehelsetenesta. Fastlegen har ei tredelt rolle: Ansvar for legetenester til dei som står på fastlegen si liste, oppgåver definert som allmenntedisinsk offentleg legearbeid og legevakt.

Gjennomsnittleg listelengde for fastlegane i Øystre Slidre er 1200 pasientar. Dette er 200 pasientar meir enn landsgjennomsnittet.¹³ Legetenesta har 3 fastlegeheimlar. To av dei er privatpraktiserande men har også ein kommunale stillingsbrøk. Den tredje er kommunalt tilsett og er sjukeheimslege i 35% av stillinga. Som sjukeheimslege har han 1 fast dag i veka på Helsetunet og resten på ubunden tid. Dei to privatpraktiserande legane nærmar seg pensjonsalder. Legetenesta har over tid hatt utfordringar med lite reservekapasitet på fastlegelistene. Dette har ført til at vi har oppretta ein ekstra legeheimel, slik at vi ynskjer å ha fire fastlegar å fordele pasientane på. Den fjerde legestillinga har vi så langt ikkje klart å rekruttere til og det har difor vore behov for å halde fram med å ta inn LIS-lege (lege i spesialisering), for å oppretthalde behandlingsskapasiteten.

¹³ [Fastlegestatistikk 2020](#)

Visste du at:

- Legekontoret har starta med bruk e-konsultasjon

Dette ynskjer vi:

- Formalisering og styrking av samarbeidsarenaene mellom fastlegane og kommunen
- Syter for full legedekning og aukar reservekapasiteten på fastlegelistene.
- Aukar bruken av IKT, e-helsetenester og digitalsamhandling som elektronisk e-resept, e-meldingar og kjernejournal
- Vidarefører turnuslegeordninga. Dette er eit plassspørsmål og vi ynskjer ei utviding av legekontoret.
- Syter for tilstrekkeleg legedekning.
- Utviklar gode system for internkontroll

Slik gjer vi det!

- Legg til rette for auke i antal fastlegeheimlar.
- Rekrutterar 2 nye fastlegar i ledige stillingsheimlar
- Innfører elektronisk system for ressursstyring og økonomirapportering
- Tek i bruk internkontrollsystemet «TrinnVis»
- Utarbeidar gode rutinar for samhandling mellom kommunelege og andre kommunale tenester.

4.3.2. Helsestasjon og skulehelsetenesta

Tenesta er oppteken av gode oppvekstvilkår og vektlegg ressursar som fremjar helse og positiv utvikling hjå born og unge. Det er viktig å fange opp risikofaktorar, problem og skeivutvikling tidleg for å setja inn nødvendige førebyggjande tiltak.

Helsestasjonen har som målsetjing å vera lett tilgjengeleg og bidra til best mogleg helse, trivsel og utvikling hjå born gjennom rettleiing av dei føresette. Tenesta har stort fokus på familiekompetanse.

Skulehelsetenesta ynskjer å bidra til at elevane får kunnskap om korleis dei kan ta ansvar for eiga helse og rettleie dei i å meistra utfordringar dei møter i kvardagen. Skulehelsetenesta samarbeider og gjer rettleiing til føresette og skulen for best mogleg helse, trivsel og utvikling hos elevane.

Visste du at :

- Tenesta brukar mykje tid på risikosaker og ser vekst i antal barnevernsaker
- Tenesta blir styrka med ei stilling
- Øystre Slidre er ein TIBIR-kommune (Tidlig Innsats for Barn i Risiko), med tilbod om målretta rettleiing til føresette som opplever utfordringar i samspelet med sine born

Dette ynskjer vi:

- Koma tidleg inn med rettleiing til føresette
- Auka nærvær til elevar ved hjelp av «open dør» på skulane
- Interkommunal helsestasjon for ungdom

Slik gjer vi det :

- Aukar kompetansa innan foreldrerettleiing, helsefremjing og førebyggjande arbeid med barn og unge
- Aukar helsefremjande tiltak
- Fokus på risikoutsette barn og unge
- Tverrfagleg og interkommunalt samarbeid med helsefremjande og førebyggjande tilbod

4.3.3 Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste skal bidra aktivt til openheit rundt psykisk helse. Tenesta arbeider førebyggjande i alle fasar av livet gjennom å fremja tilhøyrigheit, sjølvstendigheit, glede og meistring. God psykisk helse handlar om livskvalitet, det å føle seg vel saman med andre og ha evne til å møte livets utfordringar. Auka openheit om psykisk helse kan bidra til å redusere fordommar og senke terskelen for å søke hjelp. Psykisk helseteneste i kommunen er eit lågterskeltilbod der ein kan ta direkte kontakt utan tilvising. Dei fleste som har eit rusproblem slit også med si psykiske helse. Psykisk helseteneste har rutinar for å identifisere og følgje opp personar med rus- og psykiske helseproblem. Øystre Slidre kommune har eigen psykisk helseteneste og er i tillegg med i det interkommunale FACT-teamet.

Førebyggjande tiltak mot sjølv mord

Valdres har ein statistikk som bekymrar når ein ser på kor mange som vel å avslutte livet sitt ved sjølv mord. Dei siste seks åra har 22 personar gjort dette valet. 20 av desse er menn og aldersspannet er frå seint i tenåra til over 80 år.

Auken i sjølv mord i Valdres har bidrege til at temaet no er lyfta opp både på administrativ og politisk nivå i regionen, med tanke på å kunne koma i betre posisjon til å finne ut korleis vi skal gripe fatt i dette vanskelege og tabubelagte temaet.

Det er mange som no tek til orde for å få utarbeida ei forpliktande handlingsplan der Valdressamfunnet saman set inn tiltak for å førebygge slike tragiske utfall. Mange av ungdommane våre går på skule, arbeider eller oppheld seg mykje på fritida også utanfor eigen kommune, så slik sett vil eit regionalt fokus vere på sin plass.

Det er også viktig å arbeide for å alminneleggjera at vi har ei psykisk helse, og at det ikkje er skam å erkjenne at ein treng hjelp med det ein måtte slite med. Hjelpemiddelet på dei ulike nivåa må ha samordna tiltak for betre å kunne fange opp, og setja inn gode tiltak i tidleg fase.

Øystre Slidre kommune vil i løpet av 2022 ta eit initiativ for auka merksemda på dette området. Vi ynskjer å kunne møte dei som har opplevd sjølv mord i nær familie eller omgangskrets, for å kunne dra vekslar på deira erfaringar og forventningar til hjelpeapparatet. Dette med tanke på å gjera oss i betre stand til å kunne fange opp og agere på ein best mogleg måte.

Visste du at:

- Utviklinga syner ei auke i psykiske lidningar / rusproblem og einsemd blant eldre og depresjon og angst er særleg aukande blant unge.
- Øystre Slidre kommune har oppretta «Innsatsteam for barn og unge». Målet med teamet er å sikre tidlig og rett tiltak for barn, unge og deira familiar. Her samlast aktuelle instansar både interne og eksterne for å best mogeleg legge til rette for å kome tidleg inn i vanskelege saker/situasjonar for å hindre eskalering, helst med førebyggjande tiltak.
- Det er eit interkommunalt FACT-tilbod i Valdres for oppfølging av personar med helseutfordringar innan rus og psykisk helse.

Dette ynskjer vi

- Til ei kvar tid ha tilgang på nok og relevant kompetanse
- Greie ut behov for interkommunalt samarbeid i Øvre Valdres for å etablere team som kan tilby innbyggjarane eit breiare og fagleg godt tilbod innan blant anna RPH – team (Rask Psykisk helsehjelp) og ROP (Rus Og Psykiatri).
- Greie ut ytterlegare behov for psykologkompetanse i eit interkommunalt samarbeid eller eiga stilling i Øystre Slidre kommune.
- Sørge for eit godt samarbeid internt i kommune, med spesialisthelsetenesta og med andre kommunar for å sikre eit heilhetleg, koordinert og fagleg robust tilbod.

Slik gjer vi det:

- Psykisk helseteneste tilbyr samtaler / ulike former for terapi, meistringskurs, nettverksmøter, foreldre-/ familierettleiing, opplysningsarbeid i skulen og rettleiing av samarbeidande personell.
- Behandlinga og oppfølginga skal inneha eit familieperspektiv som sikrar god oppfølging av familien og involvering av pårørande som ein ressurs.
- Driv foreldreretta aktivitet i ungdomskulen saman med skulehelsetenesta og politiet med bruk av foreldremøtemetoda «Utsett», som er utvikla av KoRus-Øst (Kompetansesenter Rus, region Øst) som ein foreldreretta aktivitet i skulane sitt rusførebyggjande arbeid.
- Psykisk helseteneste gjennomfører minimum eit årleg kurs i meistring av belastning, (KIB)

4.3.4 Innsatsteam – tverrfagleg team for barn og unge i Øystre Slidre kommune

Innsatsteamet er ein del av Øystre Slidre kommune si satsing på tidleg og tverrfagleg innsats for barn og unge i kommunen. Teamet skal gjennom sitt tverrfaglege samarbeid gje foreldre og kommunen sine instansar høve til å drøfte situasjonen for eit barn, og sikre tidleg og rett tiltak for barn, unge og deira familiar.

Innsatstemaet har mål om å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge, auke foreldrekompentansa og legge til rette for gode relasjonar mellom omsorgspersonar og barn samt å førebygge skeivutvikling og utfordrande åtferd.

Tilbodet er eit lågterskeltilbod der målgruppa er familiar med barn og unge i alderen 0-18 år der det er behov for eit samarbeid mellom ulike instansar.

Innsatsteamet skal vera eit tverrfagleg samansett team med faste medlemar beståande av representantar frå helsestasjon/skulehelsetenesta, kommunepsykolog, helsestasjonslege, PPT(pedaogisk-psykiske teneste), barnevernstenesta, skule, barnehage, psykisk helseteneste og BUP (Barne- og ungdomsspsykiatrisk poliklinikk). Det er møter ein gong kvar månad. Barneansvarleg i psykisk helseteneste er leiar for innsatsteamet.

4.4 Førebygging og meistring

Tenesta inneheld rehabilitering og friskliv (inkl. fysio- og ergoterapi), ambulerande vaktmeister og hjelpemiddelformidling, heimeteneste, korttidsopphald, avlastning og dagtilbod for personar med demens. Målet for tenesta er å sikre at alle som får tenester etter Helse – og omsorgstenestelova får ivareteke sine grunnleggjande behov. Tenesteutøvarane skal ha respekt for det einskilde menneske sin eigenverdi, livsførsel og rett til medbestemming. Eininga skal ha fokus på førebygging og meistring for å kunne gje innbyggjarar moglegheit til å bu heime lengst mogleg.

For å møte behovet for heilheitleg pasientforløp, har tenesta gjennom omstilling og auka kompetanse eit sterkt fokus på habilitering både i eigen heim og gjennom tidsavgrensa opphald i institusjon ved Helsetunet. Turnus er tilrettelagt etter ein modell der same personale gjev tenester til brukarane anten dei er heime eller under opphald ved helsetunet. Gjennom denne organiseringa er målet at pasientane får kjent personale på dei ulike arenaer. Dette legg ein godt grunnlag for trygghet og fagleg forsvarleg oppfølging, samt eit individuelt og målretta vedlikehald av dagens funksjon og vidare rehabilitering når den einskilde kjem heim til eigen bustad.

Dagens organisering er også i samsvar med definisjonen av habilitering og rehabilitering i forskrift for habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator §3.: «Habilitering og rehabilitering skal ta utgangspunkt i den enkelte pasients og brukers livssituasjon og mål. Habilitering og rehabilitering er målrettede samarbeidsprosesser på ulike arenaer mellom pasient, bruker, pårørende og tjenesteytere. Prosessene kjennetegnes ved koordinerte, sammenhengende og kunnskapsbaserte tiltak. Formålet er at den enkelte pasient og bruker, som har eller står i fare for å få begrensninger i sin fysiske, psykiske, kognitive eller sosiale funksjonsevne, skal gis mulighet til å oppnå best mulig funksjons- og mestringsevne, selvstendighet og deltagelse i utdanning og arbeidsliv, sosialt og i samfunnet.»¹⁴

Tilboda rehabiliteringsopphald, korttidsopphald og avlastning må vera målretta med fokus på den enkelte og den pårørende si meistrings- og omsorgsevne. Det er heilt sentralt at ein har tilstrekkeleg antal og nok sirkulasjon av tidsavgrensa plassar for både å ivareta pasientar som vert utskreve frå sjukehus med store pleiebehov, pasientar som kjem frå andre institusjonar og heimebuande. Det er vidare behov for tilstrekkeleg antal plassar som kan fungere som avlastning for pårørende som gjer eit omfattande omsorgsarbeid. Eige temaplan for habilitering og rehabilitering er under arbeid.

¹⁴ [Forskrift for habilitering og rehabilitering § 3](#)

Rehabilitering og meistring

Eininga består av kommunal fysio- og ergoterapiteneste, ambulerande vaktmeister og frisklivssentral. Øystre Slidre kommune har fysio- og ergoterapi som har gruppetimer, individuell oppfølging i og utanfor institusjon, i eigen heim og på arbeidsplassen. Målgruppa for kommunal fysioterapi er barn/unge samt eldre. Kommunal ergoterapi yter tenester til alle innbyggjarane i kommunen. Satsingsområdet er tverrfagleg samarbeid på tvers av faggruppene for å sikre kvalitet og effektive brukarforløp.

Kvardagsrehabilitering

Øystre Slidre kommune satsar på førebyggjande helsearbeid. Kvardagsrehabilitering er ein del av dette. Dette betyr tidleg, tverrfagleg, intensiv og tidsavgrensa rehabilitering i heimen/nærmiljøet. Hovudfokuset er kvardagsmeistring. Tidleg innsats gjev resultat. Rehabiliteringa blir gjeve med bakgrunn i mål definert av brukaren sjølv og tek utgangspunkt i spørsmålet «kva er viktig for deg? Tilbodet nyttast og for vidare rehabilitering i eigen bustad etter rehabiliteringsopphald i institusjon. Tenesta har potensiale for vidare utvikling.

Det skal satsast på tiltak i tråd med reforma «Leve hele livet». Tiltak som førebygging av einsemd og auka eigenmeistring i kvardagen er sentralt.

Koordinerande eining

Øystre Slidre har ei koordinerande eining for habilitering og rehabilitering (KE) med eit overordna ansvar for arbeidet med individuell plan, og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinator for dei pasientar som har behov for dette.

Dagtilbod for personar med demens

Dagtilbod er definert som eit viktig aktivitetstilbod for den einskilde og eit godt avlastningstilbod for pårørande.¹⁵ Vindestogo er eit dagtilbod for heimebuande med demens eller hukommelsessvikt. Tilbodet er ope kvar dag og det er knytt både aktivtør og ergoterapeut til tilbodet. Vindestogo er også ein viktig instans for kartlegging i kommunen.

For å møte framtidens utfordringar i forhold til demens er det naudsynt med ei supplering og utviding av dagtilbod for brukargruppa. Mange av brukarane ved Vindestogo har i dag ein langtkomen demenssjukdom med behov for omfattande oppfølging på dagtilbod. Desse har også stort behov for andre helse og omsorgstenester og tilrettelagt bustad. Mange har tilbod om omsorgsbustad med heildøgns pleie og omsorg. For å gje eit differensiert tilbod med god kvalitet vil det verta utarbeidd ei overordna plan for dagtilbod i Øystre Slidre kommune. Planen omfattar dagtilbod for alle grupper.

Det vil vera behov for alternativ til dagens tradisjonelle tilbod både i form av lokasjon og aktivitetar som er meir tilrettelagt opp mot kjente aktivitetar som gardsarbeid, uformell sosial kontakt og typiske kar-aktivitetar.

Kommunen har demenskontakt, men ikkje avsett eigen stilling til dette. Eigen stilling er spelt inn som tiltak i budsjett 2022. Ved rullering av planen skal eventuelt behov for demensteam takast opp til vurdering.

¹⁵ [regjeringen NOU 2016: 17 På lik linje](#)

Brukarstyrt tilbod

For innbyggjarar med eit lågare bistandsbehov bør det utviklast eit brukarstyrt tilbod der aktivitetar og innhald vert styrt i stor grad av medverknad og medbestemming frå brukarane. Gjennom eit brukarstyrt tilbod er målsetjinga at den einskilde kan få eit sosialt fellesskap og ein meningsfull kvardag utan ei kjensle av å bli « tenestemottakar».

Inn på tunet

Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetsikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel. Aktiviteten i tenestetilbodet er knytt opp mot garden, livet og arbeidet der. Godkjente gardar tilbyr aktivitetar som gjer meningsfylt arbeid, meistring, utvikling og trivsel. Å bruke dyr i terapi, arbeide med hagebruk og meistring av konkrete oppgåver på garden har synt seg å ha gode positive effektar på kvardagen til dei som får eit slikt tilbod. Dei viktigaste tenestområda for Inn på tunet er:

- Oppvekst og opplæring: almennpedagogikk, spesialpedagogikk, fritid m.m.
- Arbeid: arbeidstrening og rehabilitering
- Helse og omsorg: rus, funksjonshemming, psykisk helse, demens m.m.

Visste du at:

- Vi har fokus på tidleg innsats, meistring og på det å kunne bu i eigen heim lengst mogleg
- Kvardagsrehabilitering har førebyggjande heimebesøk for aldersgruppa 75-85
- Tenesteområdet er samla på Helsetunet for å gje eit betre heilheitleg pasientforløp

Dette ynskjer vi:

- Førebygging og meistring skal gje individuelt tilpassa helse- og omsorgstenester av høg kvalitet der den enkelte bur.
- Heimebaserte tenester skal bidra i førebyggjande arbeid slik at innbyggjarar i Øystre Slidre kan mestre å bu så lenge som mogleg i eigen bustad.
- Den enkelte sitt rehabiliteringspotensiale og ressursar skal leggjast til grunn for tenestetilbodet.
- Å få ei utgreiing av behovet for eit demensteam.
- Brukarar og deira pårørande skal ha moglegheit for å delta aktivt i utforming av tenestene
- Auka fokus på tidleg innsats og satsing på kvardagsrehabilitering
- Fagleg kompetent heildøgntilbod innan rehabilitering

Slik gjer vi det:

- Etablerar eit eige ambulerande rehabiliteringsteam med fokus på førebygging og rehabilitering og utarbeidar eige temaplan for området.
- Gjennomfører kompetanseheving på rehabiliteringsfeltet for å legge til rette for meir målretta og intensiv rehabilitering, både i form av utdanning men ikkje minst gjennom læring på eigen arbeidsplass som lærande organisasjon
- Oppmodar innbyggjarar til å ta i bruk velferdsteknologi så tidleg som mogleg for å førebygge behov for tenestar og som ein del av helse og omsorgstilbodet.
- Det pågår ein prosess for å finne gode og eigna dagtilbod som blir tilpassa best mogleg både for den einskilde og evt. diagnosegrupper.
- Arbeidar aktivt i samhandling med frisklivssentralen og frivilligsentralen i Øystre Slidre kommune.

4.5 Helsetun

4.5.1 Bustad med heildøgns pleie og omsorg

Bustad med heildøgns pleie og omsorg er lokalisert ved Øystre Slidre Helsetun. Bustadane er utforma for yting av same type helse- og omsorgstenester som blir gjeve i institusjon og er av Statsforvaltaren likestilt med tilbod om langtidsopphald i institusjon. Tilsyn blir gjeve gjennom heile døgnet både fysisk og digitalt til dei som ynskjer denne type tilsyn for å få mest mogleg ro, nattesøvn og ein tryggare kvardag. Den fysiske utforminga og tenestane som vert ytt i bustaden legg til rette for at bebuarane kan motta behandling og medisinsk oppfølging i bustad av same type som i institusjon og at ein med dette slepp belastning med flytting og nye omgjevnader for naudsynt behandling.

Ei av dei største brukargruppene som framover vil ha behov for tilrettelagt bustad, herunder bustad med heildøgns pleie og omsorg, er personar med demens. Pasientgruppa er ikkje tent med å bli buande åleine i bustad, men profitterar på tilrettelagt aktivitet og stimuli i sosialt og kjent miljø. Med bakgrunn i framtida sin auke av antal personer med demens, må det leggjast særleg til rette for bustadar tilpassa dette behovet. Eventuell supplerande bygningsmasse for pasientgruppa bør bli utforma som små private bueningar med tilhøyrande felles aktivitetsareal.

Øystre Slidre kommune har gjennom fleire år hatt ein høgare andel tenestar gjeve i institusjon enn resten av landet. Lengda på langtidsopphalda har også vore betydeleg lenger enn snittet. Gjennom etablering av bustad med heildøgns pleie og omsorg er det lagt til rette for at fleire kan få bu heime lengst mogleg å sleppe å flytte i institusjon. Samstundes gjev etableringa av heildøgns bemanna bustadar Øystre Slidre kommune ei moglegheit til å spisse sin tenesteproduksjon og nytte kompetansa for institusjonstenestar til dei sjukaste og mest hjelpetrengande.

4.5.2 Institusjonstenester

Tenesteining for institusjonstenester inneheld fylgjande avdelingar: Langtidsplassar i institusjon, nattevaktteneste og institusjonskjøkken.


Langtidsopphald i institusjon er det høgaste tenestenivået i Øystre Slidre kommune. Tenesta er eit varig butilbod og blir kun tildelt dei som etter ei tverrfagleg kartlegging av sin totale situasjon har eit døgnskcontinuerleg bistasbehov som ikkje lenger kan ivaretakast på eit lågare omsorgsnivå.

Utviklinga syner ei pasientgruppe i endring med tidvis meir differensierte og omfattande hjelpebehov. Dette medfører stort behov for spesialisert kompetanse i den einskilde kommune. Øystre Slidre kommune vil på lik linje med fleire kommunar vera avhengig av å kjøpe tenester av andre aktørar for å kunne ivareta pasientar med omfattande hjelpebehov av særeigen karakter. Det er behov for å avklare om kommunen vil vera meir tent med at det blir utvikla meir spesialiserte behandlingstilbod på regionalt nivå for einskilde pasientgrupper.

Yting av individuell og fagleg gode helse- og omsorgstenester fordrar ein kjennskap til og meir aktiv bruk av heile omsorgstrappa. Pasientar kan få tenestar på ulike nivå i periodar og

målsetjinga er at tilbodet vert gjeve på rett nivå til ei kvar tid. Dette betyr ein flytande overgang mellom dei ulike nivåa der den enkelte i periodar mottek tenester i heimen og tidvis i institusjon. Pasienten kan også motta tenestar i heimen kombinert med institusjonsavlastning til pårørande. På denne måten er målsetjinga at pasient og pårørande får tenester ut frå sitt behov og naudsynt rullering av dei tidsavgrensa plassane i institusjon.

Diagrammet nedanfor syner framskriving av antal innbyggjarar i Øystre Slidre frå 65 år og oppover fram mot år 2050. Rekna ut med utgangspunkt frå folketalet pr 01.01.20.



Kjelde: FHI, kommunehelse statistikkbank

Visste du at:

- Øystre Slidre helsetun er eit av dei mest høgteknologiske og framtidsretta bygga i landet, der vi har satsa tungt på ulik teknologi og hjelpemidlar vi meiner skal tene brukarane godt. Helsetunet har eige institusjonskjøkken og vaskeri.
- Omsorgsbustadane på Helsetunet er fullt tilrettelagt for medisinsk behandling og oppfølging på same nivå som institusjonsplassane.
- Alle rom i institusjon er tilrettelagt med tilrettelagte bad, takheisar, moderne sjukehussenger og har tilhøyrande fellesstover med balkong og utsikt mot nærliggande områder samt eigne sansehagar tilrettelagte for ulike brukargrupper og heilårsbruk.

Dette ynskjer vi

- Den einkilde skal få bu heime så lenge som mogleg og institusjonsplassane skal kun nyttast til dei personar med eit så omfattande behandlingsbehov at dei ikkje forsvarleg kan bli ivaretekne gjennom tilbod om helsetenester i heimen, omsorgsbustad med heildøgns bemanning og midlertidig opphald i institusjon.
- Pasientane skal oppleve medbestemming og involvering i eigen kvardag, også i institusjon

- Nytte teknologien og moglegheitene i nytt helsetun for meir fleksibel bruk av omsorgstrappa, meir individuelle tenestar og betre ressursutnytting.
- Vriding av tenestetilbodet meir frå institusjon til heimebaserte tenestar og frå passiv hjelp til aktiv deltaking i eiga liv.
- Gjere Helsetunet til ein sosial møteplass i kommunen

Slik gjer vi det!

- Reduserar liggetid i institusjon gjennom meir spesialisert behandling og aktive tenester i eigen bustad.
- Kompetanseheving for å gje meir spesialisert behandling i eigen heim og omsorgsbustadar gjennom utdanning, kurs og ein lærande organisasjon som fremjar deling av eigen kompetanse.
- Legg til rette for at Helsetunet kan bli ein møteplass gjennom dagtilbod, sal av mat til lokalbefolkninga, møteplass for lag og foreningar og eigne aktivitetstilbod for brukargrupper med særleg behov for tilrettelegging, herunder personar med demens.
- Etablerar livsgledesjukeheim for å legge til rette for føringar i «Leve hele livet».

4.6 Tilrettelagte tenestar

Tilrettelagte tenester gjer tenester til menneske med nedsett funksjonsevne og inneheld avdelingane Brennebakkin tilrettelagte bustader og arbeid og aktivitet.

Alle menneske har same verdi. Dette medfører at kommunen må arbeide for likestilling, og legge til rette for at alle, ut frå eigne føresetnader, skal ha tilnærma like høve til samfunnsdeltaking og til å skaffe seg gode levekår. Tilrettelagte tenestar arbeider ut frå mål om 1. likestilling og likeverd, 2. sjølbestemming og 3. deltaking og integrering.

Tilrettelagte tenestar har nøkkelkompetanse i form av Vernepleie og målretta miljøarbeid. Kompetansa er etterspurt i Øystre Slidre kommune, også utover tenesteområdet. Andelen unge med utfordrande åtferd er aukande og målretta miljøarbeid er etterspurt som metode. Andelen personar med psykiske helseplager av eit omfang som påverkar buevna aukar og gruppa har i periodar behov for buretleiing og supplerande tenestar utover den standardiserte oppfølginga frå lege og psykisk helseteneste.

For å møte framtidens utfordringar i forhold til andelen personar med demens er vernepleiekompetanse som del av demensoppfølginga ein føresetnad.

4.6.2 Brennebakkin

Brennebakkin er kommunen sitt bu-tilbod under tenesta med 8 bueiningar inkludert ei avlastningsleilegheit for born og unge. Avdelinga gjev praktisk hjelp og opplæring til personar som på grunn av nedsett funksjonsevne /psykisk utviklingshemming treng spesiell tilrettelegging, opplæring og oppfølging i dagleglivets aktivitetar og i fritida. Tenesta blir gjeve i heimane og er uavhengig av buform. Basisen i arbeidet er målretta miljøarbeid, ei metode for eigenmeistring. Det er fokus på å gjera meir av det ein kan, samt lære seg nye

ferdigheiter for å auka sjølvstendet. Ein del av miljøarbeidet er fremjing av språkferdigheiter og trening i dagleglivets aktivitetar.

Gruppa yngre personar med nedsett funksjonsevne er aukande. Mange vil krevje store ressursar over lang tid. Erfaring syner at ved å setja inn tilstrekkelege ressursar i startfasa / overgangsfasar, vil behovet for tenester bli mindre på sikt. Overgang frå foreldreheim til eigen heim er krevjande og ofte eit sårbart punkt. Samarbeid og dialog mellom brukar, foreldre/føresette og andre tenesteapparat er viktig for å få til glidande overgangar.

Avdelinga driftar eit aktivitetstilbod ein kveld i veka, spesielt tilrettelagt for personar med psykiske vanskar. Arbeid og aktivitet er ein viktig arena på dagtid for dei som får tenester på Brennebakkin.

4.6.3 Arbeid og aktivitet

Kommunane skal drive helsefremjande og førebyggjande arbeid, herunder arbeide for at det blir sett i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemma og andre som har behov for det. Arbeid og aktivitet omfattar Skogprodukt og Aktivitetshuset og er organisert i Tilrettelagte tenester

Skogprodukt er eit arbeidstilbod for yrkeshemma basert på skogsarbeid, vedproduksjon og serviceoppdrag. Det er 5 VTA-plassar (VarigTilrettelagteArbeid-plassar), organisert under Valdres arbeidssenter knytt til tilbodet. Aktivitetshuset er eit aktivitets-/arbeidstilbod for personar med større behov for bistand. Tilbodet er basert på tekstilproduksjon. Begge underavdelingane er arena for tiltaksplassar gjennom NAV. Arbeidstakarane er ei samansett gruppe med ulike behov og diagnosar og har til felles at dei har uførepensjon. Arbeidet som blir lagt ned blir verdsett av innbyggjarane og arbeidstakarane blir oppfatta som gode bidragsytarar i kommunen.

Tilbodet utviklar sine oppdrag og produksjon for også framover å kunne vera eit attraktivt tilbod for brukarane og en god bidragsytar i kommunen. Tilbodet er tilrettelagt for å kunne vere ein arena for å ivareta aktivitetsplikta til personar under 30 år som mottek sosialstønad samt for straffegjennomføring med elektronisk fotlenke.

Visste du at:

- Kommunen styrkar det tverrfaglege samarbeidet og tek i bruk miljøarbeid i større grad enn før innan fleire felt og særleg i arbeid med barn og unge som har utfordringar,
- Arbeid og aktivitet har ei omsetjing på om lag kr 350.000 årleg. Hovudsakeleg er dette vedsal.

Dette ynskjer vi :

- Prioritering av samhandling og dialog med pårørande.
- Omgjering av stillingar til høgskuleutdanna personell, spesielt vernepleiarar og leggje til rette for meir kompetanse/vidareutdanning på fagfeltet.
- Styrke tilbodet om bustadar med heildøgns omsorg
- Vidareutvikle dagtilbod tilpassa innbyggjarane sitt behov
- Vidareutvikling av etablerte tilbod slik at ein når ei breiare brukargruppe.
- Å bli betre på marknadsføring

Slik gjer vi det !

- Gjer gode tenester og rettleiing som kan setje pårørande i stand til å utføre krevjande omsorgsoppgåver.
- Tilset fleire vernepleiarar for å auke andelen med høgskuleutdanning.
- Tek i bruk velferdsteknologi tilpassa brukargruppa
- Styrkar det tverrfaglege samarbeidet og tek i bruk miljøarbeid i større grad innan fleire felt. Særleg i arbeidet med barn og unge som har utfordringar.
- Marknadsfører tilboda godt og arbeider for å gjere det kjent at vi kan vera eit godt tilbod for dei som treng aktivisering i kortare periodar av livet, grunna sjukdom eller skade.
- Sikrar gode samhandlingsrutinar med det totale tenesteapparatet.

5. Verksemdsovergripande og Interkommunale tenester

5.1 Tildelings- og bustadkontor

Tildelings- og bustadkontoret vart oppretta 2021 og er direkte plassert under kommunalsjef. Avdelinga arbeidar ut frå visjonen om meistring, medverknad og kvalitet for både pasient, pårørande og samarbeidspartnarar. Tildelingskontoret gjer vedtak om tildeling av tenester etter helse- og omsorgslova, har ansvar for fagsystem, koordinering og rapportering for alle tenesteområda innan helse og omsorg. Øystre Slidre kommune legg BEON prinsippet, dvs. beste effektive omsorgsnivå, til grunn for tildeling. Bustadkontoret skal ha oversikt over tilgjengelege kommunale bustader for tildeling og behov for kommunale bustadar. Kontoret må samarbeide tett med tenesteeiningane innan helse- og omsorg og flyktningtenesta ved tildeling av bustad. Kontoret driv bustadrettleiing og skal ha fokus på aktiv bruk av Husbanken sine bustadsosiale verkemiddel.

Tildelings- og bustadkontoret er ein samarbeidspartnar og kontaktinstans for alle dei kommunale tenestane samt spesialisthelsetenesta, Statsforvaltaren, Husbanken med fleire. Gjennom ansvaret for rapportering og koordinering er avdelinga ein viktig bidragsytar for helse- og omsorgstenestene sitt mål- og styringsarbeid. Avdelinga skal fungera som stabsfunksjon for kommunalsjef samt yte leiarstøtte til tenesteleiarane. Avdelinga er kommunen sin kontaktinstans for Leve heile livet, pakkeforløp, Bustad for Velferd Innlandet, rapporteringar, Demensnettverket Innlandet, pårørandeskule, aktivitetsvenn, kompetansemidlar og Kostra (KOMMuneSTATRAPportering).

Tildeling og bustadkontoret er eit satsingsområde innan helse og omsorg og har i løpet av forrige planperiode hatt stor utvikling. For å nå kommunen si målsetjing om meir førebyggjande arbeid, eit koordinert tenestetilbod, meir effektiv ressursbruk, implementering av nye tenester og teknologi, er det viktig med vidare satsing og samle nøkkelfunksjonar i ei verksemdsovergripande avdeling. Dette vil sikre spesialisert kompetanse, ivareta leiarstøtte og stabfunksjonen for kommunalsjef samt sikre rett kompetanse på rett stad. For å få optimal effekt, er det naudsynt med forskyving av arbeidsoppgåver som ikkje tilhøyrer ansvarsområdet.

Visste du at

- Tildelingskontoret har dei siste åra hatt ei betydelig auke i saksbehandlingsmengde og fatta i 2020 tett oppunder 750 vedtak om helse og omsorgstenester.
- Øystre Slidre kommune er utpeikt som spydspiss innan bustad for Velferd i Innlandet. Tildeling- og bustadkontoret er leiar og koordinator for arbeidet.
- Kompleksiteten i sjukdomsbilete og stadig nye ansvarsoppgåver for kommunen vil medføre betydeleg auke i ansvar og kompetanse for Tildeling- og bustadkontoret for å sikre rett tildeling, oppfølging, koordinering, rapportering og leiarstøtte.

Dette ynskjer vi

- Legge til rette for sosial inkludering, utjamne sosiale forskjellar og sikre gode levekår.
- Auka fokus på at den einskilde har eit eige ansvar for tilrettelegging av eigen bustad og kvardag i forhold til funksjonsnivå, med målsetning om at ein kan bu så lenge som mogleg i eigen bustad.
- Legge til rette for ein aktiv kvardag uavhengig av alder, hjelpebehov og sosial situasjon gjennom auka fokus på førebygging, tilrettelegging og veiledning og reduksjon av passive tenestar og direkte hjelp.
- Stå fram som ein attraktiv samarbeidspartnar for innbyggjarar, tenesteapparatet, eksterne samarbeidspartnarar og pårørande.
- Sikre reindyrking av å vera verksemdsovergrepande og stabfunksjon i helse og omsorg.

Slik gjer vi det

- Deltak i Bustad for Velferd Innlandet og implementerar prosjektet i drift.
- Sikrar heilheitleg pasientforløp ved å samle verksemdsovergrepande funksjonar og koordinatorar i denne avdelinga.
- Saksbehandlingstid skal ikkje overstige 14 dagar og tenester som kvardagsrehabilitering, burettleiing, treningskontakt/ støttekontakt og andre aktive tenestar skal verta vurdert og utprøvd før direkte hjelp som heimhjelp, omsorgsbustad og heimesjukepleie vert tildelt.
- Tildelar aktive tenester og rettleiing om bustadsosiale verkemiddel, med målsetning om at 2 kandidatar i året skal gå frå leige til eige eller frå kommunal leigebustad og over til den private leigemarknaden.
- Samlar ansvar for alt søknadsarbeid, tilskudd, rapportering og samhandling med eksterne samarbeidspartnarar i avdelinga for å sikre at kommunen har kompetanse og validitet i dei tal som er lagt til grunn i rapporteringar, søknadar og mål og styringsarbeid.

5.2 Velferdsteknologi

Øystre Slidre har i tråd med «Leve hele livet» eit fokus på at eldre skal få moglegheit til å bu heime så lenge som mogleg. Velferdsteknologi er ei fellesnemning på tekniske installasjonar og løysingar.¹⁶ Desse kan vera med å bidra til å oppretthalde livskvalitet og sjølvstendigheit, bidra til trygghet og meistringsfølelse i eige liv. Teknologien vil ikkje erstatte helsehjelp som ein har krav på, men kan vera eit nødvendig supplement.

¹⁶ helsedirektoratet.no/tema/velferdsteknologi/anbefalinger-om-velferdsteknologiske-losninger-i-kommunene

Velferdsteknologi kan gje betre tenester for heimebuande eldre, pasientar i sjukeheim, innan rus og psykisk helse og for personar med nedsett funksjonsevne. Erfaring syner og at velferdsteknologi kan gje meir effektiv bruk av ressursar i helse- og omsorgstenesta.

Vi har ei større satsing på velferdsteknologi (VT) i Valdres og har i samband med dette etablert eit tre-årig prosjekt med namnet «Velferd i Valdres». Øystre Slidre kommune er vertskommune for prosjektet og prosjekteigar. Valdreskommunane deltek i Nasjonalt Velferdsteknologiprogram og har fått tilskottsmidlar og rettleiing i dette programmet.

Vi har i samband med regionalt VT-prosjekt avsett ei 40% stilling for å sikre ei god implentering av VT-teknologi i kommunen. Denne er finansiert av tilskottsmidlar frå staten.

Kommunen satsar tungt på VT i det nye Helsetunet, og vi ser at utstyret kan ved rett bruk sikre pasienttryggleiken og samstundes gje enkeltbrukarar større bevegelsesfridom ved t.d. at dører ikkje blir stengte for dei det ikkje er grunnlag å stenge for, og vi har no ikkje behov for å gå inn på alle rom på natt for å ha tilsyn. Dette blir no i all hovudsak gjort ved digitalt tilsyn. Kommunen har og ambisjonar om å bidra til å implementere VT også i private heimar som ynskjer å ta slikt utstyr i bruk.

Visste du at

- Øystre Slidre deltek i Nasjonalt velferdsteknologiprogram
- Øystre Slidre kommune har ei eige ressursgruppe innan velferdsteknologi
- Øystre Slidre kommune satsar på velferdsteknologi

Dette ynskjer vi

- Øystre Slidre skal ta i bruk velferdsteknologiske løysingar hjå heimebuande.
- Øystre Slidre skal satse på kompetanseheving i bruk av velferdsteknologi

Slik gjer vi det

- Implementerar velferdsteknologi i tenestetilbodet
- Oppmodar innbyggjarar, som vil få eit stort hjelpebehov på sikt, til å ta i bruk velferdsteknologi så tidleg som mogleg.
- Gjennomfører minimum eit kurs for alle tilsette innan velferdsteknologiske løysningar.
- Ressursgruppa deltek i tenestane med fortløpande informasjon og rettleiing i ein lærande organisasjon.
- Erstattar fysiske nattevakttilsyn med digitale tilsyn der dette er ynskjeleg og forsvarleg for å sikre pasientar moglegheit til nattesøvn og auka livskvalitet.

5.3 Helsemessig og sosial beredskap

På nasjonalt nivå har Helse- og omsorgsdepartementet det overordna sektoransvaret for beredskapsplanlegging og krisehandtering i helse- og sosialtenestene.

Statens helsetilsyn og helsetilsyna i fylkene skal gjennom rådgjeving og tilsyn bidra til å sikre at innbyggjarane sine behov for helse- og sosialtenester blir ivaretekne, herunder sosial- og helseberedskap.

Kriser er hendingar som har potensiale til å tru viktige verdiar og svekke evna ein organisasjon har til å utføre viktige funksjonar. Katastrofe er ei hending med særskilde alvorlege skader og tap. Nokre kriser og katastrofar skjer plutsleg, som for eksempel brann og ulykker, mens andre oppstår fordi situasjonar utviklar seg til å bli uhåndterbare, som for eksempel overfløyning, straumbrot og pandemiar.

Mattilsynet har ansvar for mattrygghet og dyrehelse. Dei har ansvar for drikkevann, vassforsyningar og sjukdomar som kan smitte frå dyr til menneske og høyrer dermed inn under Helse- og omsorgsdepartementet i saker som angår helseberedskap. Statens strålevern er fagmyndigheit på spørsmål og situasjonar knytt til strålevern og atomsikkerheit.

I følge § 5-2 i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (2011-06-24 nr. 30) pliktar kommunen å utarbeide ei beredskapsplan for sine helse- og omsorgstjenester i samsvar med helseberedskapslova. Planen skal samordnast med dei øvrige beredskapsplaner for kommunen.

I henhold til lov nr 55 om vern mot smittsomme sykdommer (1994-08-05)§ 7-1, skal kommunen syrgje for at alle som bur eller midlertidig oppheld seg i kommunen er sikra naudsynte førebyggjande tiltak mot smittsame sjukdomar, undersøkingsmoglegheiter, behandling og pleie utanfor institusjon, pleie i sjukeheim eller annan kommunal helseinstitusjon.

Øystre Slidre kommune har ei Plan for kommunal kriseleiing (A1), Plan for kriseinformasjon (A2), Evakueringplan (A3), Kontinuitetsplan – pandemisk influensa (A4), Varslingsplan i krise (A5) og plan for kriseteam.

Øystre Slidre kommune har ei helseberedskapsplan. Det er vidare utarbeida smittevernplan, beredskapsplan for pandemisk influensa, plan for evakuering Sjukeheimen og plan for evakuering trygdebustadar.

Ansvar for å halde det overordna beredskapsplanverket oppdatert, er lagt til kommunalsjef for helse og omsorg. Den enkelte verksemdsleiar har ansvar for at tenesta har oppdaterte tiltaksplaner, og for at tilsette har informasjon om kvar dei kan finne dei ulike rutinar og planer. Gjeldande planverk er lagt ut på intranettet til kommunen.

Dette ynskjer vi :

- Øystre Slidre kommune skal førebyggje kriser og katastrofar
- Dersom kriser/katastrofar likevel skjer, skal dei handterast på ein best mogleg måte
- Øystre Slidre kommune skal ha oppdaterte beredskapsplaner som er basert på risiko- og sårbarheitsanalyser.
- Øystre Slidre kommune skal ha tilsette som kjenner til og er øvd i beredskapsplanverket.

Slik gjer vi det :

- Gjennomfører årleg opplæring om gjeldande rutinar og eige ansvar i krisesituasjonar jfr. aktuelt beredskapsplanverk.
- Utarbeidar ROS (RisikoOgSårbarheit) analyser kvart 4. år.
- Årleg gjennomgang av forsyningsikkerheit for legemiddel og materiell.

5.4 Rekruttering og kompetanse

Stadig meir ansvar og fleire oppgåver vert flytt til helse- og omsorgssektoren på kommunalt nivå. Dette set høgare krav til kompetanse innan dei ulike fagområda. Det er utarbeida regional og lokal kompetanseplan som syner kompetansebeholdning og behovet framover. Planane vil vera eit styringsdokument for rekruttering, utvikling, og avvikling av kompetanse i Øystre Slidre kommune i tida framover.

Øystre Slidre er i dag godt dekkja med fagutdanna personell i faste stillingar. Fleire medarbeidarar har spesialisering og vidareutdanning men vi manglar fortsatt spesialisering innan fleire fagområder.

Øystre Slidre kommune har behov for å legge til rette for kompetanseheving både i form av formell utdanning, men også ved auka bruk av digitale kurs og webinar. Framtidsbilette viser at kommunen vil konkurrere om kompetente medarbeidarar med dei andre kommunane i regionen og spesialisthelsetenesta. Med bakgrunn i dette, bør det utviklast og leggjast til rette for meir læring i eigen organisasjon. Å styrke den faglege kompetansa er viktig for å sikre kvaliteten på tenestetilbodet. Samstundes vil kompetansebygging og – heving bidra til at vi klarar å sikre tilgangen på kvalifisert personell i helse og omsorgstenestene. Gode fagmiljø bidreg også til å motverke høgt sjukefråvær.

Eit av dei viktigaste satsingsområda for helse og omsorg i komande planperiode er kompetanseheving, kompetansomobilisering og kompetansedeling i alle ledd.

Helse og omsorg har i stor grad vore prega av deltidstillingar. I samband med nytt helsetun, er det laga nye turnusplanar, med mål om å kunne auke stillingsstorleiken til dei tilsette. Det er etter avtale med organisasjonane sine sentrale ledd utarbeida turnus med langvakter på helg. Avtala har eitt års varigheit. Desse turnusendringane er gjort for å sikre kompetansa i den daglege drifta. Ved kartlegginga i samband med turnusomlegging til langvakter på helg, fekk alle som ynskte det auka stilling. Antal tilsette som fekk auka stilling var 49. Større stillingar er positivt med tanke på rekruttering.

Kommunen har relativt mange innvandrarak. Mange har kome som flyktningar og det er behov for å auke kompetansa om kva som påverkar helsa til desse. Migrasjonshelse handlar om kunnskap om korleis migrasjonsprosessar og migrantbakgrunn kan påverke helsetilstand, sjukdom, tilgang til og kvalitet på helsetenester. Kommunen fylgjer den nasjonale rettleiaren «Helsetjenester til asylsøkere, flyktningar og familiegjeforente»¹⁷. Det er viktig med tidleg avklaring på eventuelle oppfølgingsbehov, særleg når det gjeld den psykiske helsetilstanden. Auka kunnskap om forskjellar innan kultur og normer er viktig i samhandling med innvandrarakane.

Visste du at:

- Øystre Slidre kommune har take i bruk kompetansebroen.no, ein digital plattform for samhandling og kompetansedeling mellom kommuner, sykehus og utdanningsintitusjoner i eit helseforetak.
- Gjennomsnittleg stillingsstorleik har auka vesentleg for tilsette som etter mellombels avtale arbeidar langvaktar på helg.
- Øystre Slidre kommune har eigen kulturolk.

¹⁷ [Rettleiaren "Helsetjenester til asylsøkere, flyktningar og familiegjeforente"](#)

Dette ynsker vi

- At helse- og omsorgstenesta i Øystre Slidre kommune også i framtida står fram som ein svært attraktiv arbeidsplass
- At andelen tilsette menn i helse og omsorgstenesta aukar
- At kommunen til ei kvar tid har godt kvalifiserte medarbeidarar som opplever å ha ein meningsfylt kvardag med meistringskjensle, utfordringar og moglegheit for fagleg og personleg utvikling
- Helse og omsorgstenesta i Øystre Slidre kommune skal vera ei nysgjerrig eining, med kultur for læring og utvikling og som bidreg med kompetanse både lokalt og regionalt.

Slik gjer vi det!

- Har fokus på rekruttering av fleire menn.
- Kommunen skal halda fram med sitt arbeid med turnustilpasningar for å sikre større stillingar og meir kontinuitet i tenestane.
- Prioriterar strategisk rekruttering etter aktuell fagkompetanse ved fast tilsetjing. Når ei stilling med krav om vidaregåande utdanning blir ledig, må det vurderast om stillinga skal omgjerast til krav om høgskuleutdanning.
- Opprettheld læreplassar for helsefagarbeidarar og praksisplassar for høgskulestudentar.
- Årleg oppdatering av kompetanseplan
- Aktiv bruk av internundervisning, E- læring og lærande organisasjon som kompetansehevande tiltak.
- Nyttar medarbeidarsamtalar til å kartlegge og oppmode til etter- og vidareutdanning og formell kompetanseheving.

5.5 Samhandling og regionalt samarbeid

St. meld. nr. 47. Samhandlingsreforma, *Rett behandling – på rett sted – til rett tid*, har som formål å legge til rette for ei helse – og omsorgsteneste som skal tilfredsstille behova til pasientane for koordinerte tenester og dei store samfunnsøkonomiske utfordringane samfunnet står overfor med fleire eldre og fleire med kroniske og samansette sjukdomstilstandar. Kommunane har fått eit større ansvar gjennom auka vekt på førebygging av sjukdomar, tidleg intervensjon, tidleg diagnostikk, behandling og oppfølging.

Samhandling mellom kommunar og med sjukehusa og forholdet til ulike fagprofesjonar er eit sentralt element i reforma. Øystre Slidre kommune har eit regionalt samarbeid med andre kommunar i Valdres innan VLMS (ValdresLokalMedisinskeSenter) , FACT, kommunepsykolog, legevakt, jordmorteneste, NAV(Ny Arbeids –og Velferdsforvaltning), barnevern og PPT. Kommunen samhandlar med helseforetaka gjennom samarbeidsavtaler mellom kommunen og Sjukehuset Innlandet.

VLMS

Øystre Slidre kommune har ein eigarandel på 17% og drifrar det lokalmedisinske senteret VLMS saman med dei andre Valdreskommunane. Gjennom VLMS utviklar Valdres eit høgare behandlingsnivå lokalt. Tilbodet omfattar 10 intermedieærplassar, kommunale akutte døgnplassar og døgnbasert spesialisthelseteneste.

Kommunepsykolog

Dei tre kommunane Vang, Vestre og Øystre Slidre har etablert eit vertskommunesamarbeid om kommunepsykolog. Vestre Slidre er vertskommune for samarbeidet. Tilbodet er retta mot ungdom med rus og psykiske helseproblem og deira familiar. Kommunepsykologen arbeidar både på systemnivå og individnivå og det er ynskjeleg med utviding av tilbodet til også å omhandle gruppetilbod.

FACT-team Valdres er eit samarbeidsprosjekt mellom dei seks valdreskommunane, sjukehuset Innlandet v/DPS Gjøvik, Poliklinikk Valdres og NAV Valdres. Gjennom tilbod om oppfølging i FACT arbeider kommune, spesialisthelsetenesta og NAV mot felles mål i tett samarbeid med den einkilde brukar. Målgruppa er personar med moderat til alvorleg psykisk sjukdom og / eller rusproblem, som har rettigheter til oppfølging både frå spesialisthelsetenesta og kommune der ordinære tilbod lokalt, er forsøkt/ vurdert og funne ikkje nyttige eller ikkje forsvarlege. Teamet arbeider i stor grad oppsøkande. Dette betyr for den einkilde at hjelp og bistand vil bli gjennomført i eigen bustad og/eller nærområde.

Når det gjeld krisesenter og barnevernsvakt kjøper Valdreskommunane denne tenesta frå Ringerike kommune. Øystre Slidre nyttar «Nok» senteret, eit tverrfagleg, gratis og lågterskel hjelpetilbod til alle personar som har vore utsett for seksuelle overgrep og deira pårørande.

Det er eit godt tverrfagleg samarbeid mellom dei ulike tenestene i Øystre Slidre kommune, men ein kan alltid bli betre på samarbeid og koordinering av tenester. Tildeling- og bustadkontoret bidreg til samordning, koordinering og heilheitlege tenestetilbod lokalt og mellom dei interkommunale tilboda. Eininga er og ein viktig aktør i praktisk samhandling med helseforetaka.

Visste du at:

- Øystre Slidre og dei andre valdreskommunane blir trekt fram som gode på interkommunalt samarbeid
- Kommunepsykologen ynskjer å bidra meir inn i planarbeid, førebyggjande arbeid og systemarbeid og oppfordrar samarbeidspartnarar til å invitere med kommunepsykologen.
- Valdres har store utfordringar med rekruttering og turnus for å sørge for tilstrekkeleg legedekning ved legevakta.

Dette ynskjer vi:

- Øystre Slidre kommune arbeidar for eit godt regionalt samarbeid innan helse og omsorg
- Tenestemottakarar i Øystre Slidre kommune skal oppleve å få koordinerte og heilskaplege tenester
- Alle tilsette skal vera opptekne av å sikre eit godt tverrfagleg samarbeid.

Slik gjer vi det !

- Prioriterar samarbeid og samhandling politisk, administrativt og i tenestene
- Satsar på opplæring av koordinatorar.
- Vidareutviklar koordinerande eining og Tildelingskontoret som sentrale aktørar for det tverrfaglege samarbeidet internt i kommunen

Vedlegg Rammer og føringar

Lovverk

(Lista er ikkje uttømmande)

- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov om pasient- og brukerrettigheter
- Lov om folkehelsearbeid
- Helseberedskapslova
- Smittevernloven

Nasjonale føringar

(lista er ikkje uttømmande)

- Meld. St. 15 (2017-2018) Leve hele livet
- Meld. St. 7 (2019 – 2020) Nasjonal helse og sykehusplan 2020 – 2023
- Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste
- St. Meld. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen
- St.meld. nr. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen Mestring og muligheter
- St.meld. nr. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldingen Gode liv i eit trygt samfunn
- Kompetanseløftet 2025
- Demensplan 2025
- Vi – de pårørende Regjeringens pårørendestrategi og handlingsplan
- Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse og omsorgsfeltet 2015 – 2020
- Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator.
- Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten
- Forskrift om fastlegeordning i kommunene
- Veileder for kommunale frisklivssentra
- Veileder Gode helse og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming.
- Verdigheitsgarantien
- Bolig for velferd
- Nasjonal faglig retningslinje for forebygging av selvmord i psykisk helsevern
- Sammen om mestring
- Alle trenger et trygt hjem (2021-2024)
- IMDI: «VI og DE» En håndbok om kommunikasjon på tvers av kulturer.

Regionale og lokale Føringar

- Samarbeidsavtale mellom kommune og Sykehuset Innlandet HF
- Regional kompetanseplan 2017 – 2021
- Regionalt prosjekt velferdsteknologi
- Regional plan for folkehelse 2018 – 2022
- Øystre Slidre kommune - Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032.
- Økonomiplan